



NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fornya reguleringskonsesjon for Fortun - Grandfastareguleringene

Saka vart handsama i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane i sak 3/18, møte 23.01.2018. Vi viser til avtale med sakshandsamar i NVE om utsett frist til 26.01.2018. Sakshandsaming med innstilling er lagt ved.

Det vart gjort følgjande endeleg vedtak:

1. I det vidare arbeidet med søknaden må det leggjast stor vekt på å greie ut konkrete tiltak som kan betre situasjonen for landskap, friluftsliv, naturmangfald, vassmiljø og villrein, - slik at avvegningane mellom miljøomsyn og energitap vert gjort på eit godt kunnskapsnivå.
2. Fylkeskommunen støttar forslaget i rapporten om å sleppe minstevassføring i juli, august og september frå inntaka i Middalen, Helgedalen, Skagastølsdalen og Berdalen.
3. Fylkeskommunen oppmodar NVE om å sette krav som vil betre økologisk tilstand for vassførekomstane i reguleringsområdet, jf. vassforskrifta og miljømål for vassførekomstane.
4. Det må gjennomførast naudsynte arkeologiske undersøkingar, jf. ordninga med sektoravgift (statsbudsjettet Kap. 1820, p ost 74 tilskot til museums - / kulturminnetiltak.)
5. Fylkeskommunen legg elles til grunn at NVE tek med i vilkåra at krafta frå Fortun - Grandfaste skal nyttast til industriell verksemd i Årdal, og at det vert sett vilkår til leveringsplikt dit.

Med helsing

Torbjørn Hasund
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: Saksutgreiing med innstilling

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER